

Sidemålsstilen i gymnaset.

Når me no skal diskutera sidemålsstilen i gymnaset, må ein ta utgangspunkt i den målpolitiske stoda som landet vårt er oppe i. Og utan at me har slike perspektiv for auga, vil det vera nyttelaust å ta opp saka.

Men før me går vidare, vil eg ta med litt historikk. Stortinget gjorde i 1885 vedtak om at nynorsken skulle jamstellast med bokmålet; me har med andre ord hatt to jamstelte skriftspråk her i landet i snart hundre år.

Med omsyn til den obligatoriske sidemålsstilen, så vart han innført i 1907, og frå den tid har artianarane måtta skriva to stilar til eksamen – ein på bokmål og ein på nynorsk.. Så tidleg som i 1896 vedtok Stortinget at det i gymnaset skulle gjevast opplæring i nynorsk, men til eksamen vart det ikkje kravt nynorsk stil.

I og med jamstellingsvedtaket pliktar statstenestemennene å meistra båe språka, men det var likevel ikkje reine praktiske grunnar som førte til sidemålsstilen. Over heile landet førte unionsbrotet og hendingane i og omkring 1905 til ei sterk nasjonal reising, og det var i samsvar med den nasjonale, språklege og politiske utviklinga at Stortinget gjorde vedtak om sidemålsstilen; målet var å knyta det norske folket nærare saman. Skipingsmøtet i Noregs Mållag i 1906 kravde to jamstelte stilar til artium, men når dette ikkje vart vedteke i Stortinget, hang det saman med praktiske og tidbundne vanskar, Over store deler av landet fanst det ikkje kvalifiserte lærarar som kunne syta for fullgod norskopplæring på båe språka. Den gongen var det ei samla kyrkje- og undervisningsnemnd som gjekk inn for den nye ordninga – ei ordning mange i dag meiner bør endrast. Sterke og vektige røyster krev i dag at sidemålsstilen skal avskaffast. Det kan kanskje høyrast litt merkeleg ut i dag, men i 1907 var det faktisk ein stor del av dei folkevalde tingmennene som rekna vedtaket som ei mellombels ordning på vegen mot to jamstelte artiumsstilar. Mange såg det også slik at sidemålsstilen ville føra til ei tilnærming mellom bokmål og nynorsk; dei to skriftspråka ville veksa saman til ein ny skriftnormal bygd på norsk folkemåls grunn. Før me går vidare, kan det vera på sin plass å seia frå om at eg er målmann. I dag går det attende med det norske målet; ikkje minst den omstruktureringa av folkesetnad som går for seg i stadig aukande grad, fører til at nynorsken taper meir og meir av det fofestet han har oppnådd. Likevel er det vel få eller ingen som openlyst vågar å påstå at nynorsken skal gå til grunne.

Men lat oss først sjå på kva følgjer ein rimelegvis kan venta for nynorsken om sidemålsstilen vert teken bort – det kunne samstundes også vore interessant å røkja etter kven som er interesserte i eit slikt vedtak og til slutt; kva grunnen kan vera til at meir eller mindre kamouflerte interessegrupper meiner det er føremålstenleg å avskaffa sidemålsstilen.

Dersom me går ut frå at sidemålsstilen vert avskaffa, så vil dette føra til ein uvant situasjon som vil verta mykje vanskeleg å takla. Som tidlegare nemnt må offentlege tenestemenn i Noreg meistra både bokmål og nynorsk. Avskaffing av sidemålsstilen vil dermed føra til at dei som går inn i offentleg teneste, må ta tilleggskurs i det målet dei ikkje har fått opplæring i på gymnaset. Ei slik ordning ville vore svært ulagleg, og ut frå den konkrete situasjonen som då ville oppstå, må ein gå ut frå at tenestemennene – det vere seg statlege eller kommunale – fekk nytta det skriftspråket

dei sjølve måtte ynskja. Når me frå før veit kor einerådande bokmålet er i mange etatar; så er det truleg berr eit tidsspørsmål før nynorsken er heilt utradert. Vert sidemålsstilen teken bort, vil nynorsken mista posisjonen sin på omkverve etter omkverve innanfor samfunnslivet – me kan t.d. tenkja på korleis stoda i skulen vil verta. Så strid som leseplanen i dag er på lærarskulane, vil fagutdanna lærarar ikkje meistra sidemålet; på lærarskulen er det andre fag som må prioriterast – sidemålsundervisninga høyrer heime på gymnaset.

Nynorsken står i dag for folkelege kulturverdiar. Norskdomsreisinga var i si tid ei nasjonal reising; ei reising der vanlege folk hevda sine egne verdiar på like fot med overklassa representert ved embetsmennene og den økonomisk rådande eliten i landet. Når folk i bygd og by nytta sitt eige språk i skrift og tale, så var dette ei sosial og kulturell frigjering. Det som truleg vil skje om sidemålsstilen vert avskaffa og nynorsken går til grunne, er at folk på nytt vil verta ufrie.

I ei slik tid vil det levande talemålet ikkje lenger kunna stø seg til ein naturleg norsk skriftnormal. Skulle nynorsken tapa det grunnfestet sidemålsundervisninga gjev nynorsken i skulen, er det store sjansar for at nynorsken vil bukka under.

Tek me utgangspunkt i dei nyss utarbeidde landsdelsplanane og den folkesetnadstruktur som der vert skissert opp, er framtidsutsiktene for nynorsken alt anna enn lyse. Me kan gå ut frå som sikkert at det ikkje vil vera stor plass for nynorsken i urbane strok; det har me alt massevis av døme på. Men fordi om nynorsktalande utgjer eit mindretal, så er det fil få eller ingen ansvarlege politikarar som vågar å påstå at denne språkgruppa ikkje skal få nytta si eiga målform.

Jamvel om politikarane viser velvilje overfor nynorsken – jfr. vedtaket i Stortinget i vår – så er det likevel heilt andre samfunnsgrupper som sit inne med den reelle makta. Og som dermed er med på å forma både språkutviklinga og den generelle samfunnsutviklinga. Det er sjansar for at nynorsken vil verta utradert, for ingen må vera så blåøygde å tru at desse maktkonstellasjonane har særleg mykje godhug for nynorsken.

I denne samanhengen kan det også vera viktig å understreka at eit menneske som talar sitt eige mål, ikkje har gitt slepp på sin eigen identitet; eit menneske er meir enn ein funksjon.

Men skal folk godta utviklinga –er det ei primær oppgåve for den rådande overklassa å styra utviklinga slik at folk vert framande i sitt eige miljø. Det er mykje enklare å ha med funksjonar å gjera enn medvitne menneske som er seg sjølve og ikkje gjev avkall på sin eigen identitet.

Språket kan sjåast på ut frå ein sosial synsstad, det kan binda , men også frigjera.

Hovudargumentet mot sidemålsstilen er denne gongen at ein kan ha ordliste med seg på eksamen, og dermed har sidemålsstilen ingen verdi lenger. Før har argumenta vore at dei to skriftspråka ligg for nær opp til kvarandre – andre tider at dei ligg så langt frå kvarandre at sidemålsundervisninga må verta åndlaust pugg. Men målet til dei som argumenterer har heile tida vore det same; sidemålsstilen skal bort. I vår kom det krav

frå 20% av elevane i gymnaset om dette, - og aksjonistane seier at no får departementet ver så god etterkoma kravet deira.

Skal tru om departementet ville avskaffa franskundervisninga om alle elevane i gymnaset hadde kravt det? Å nei – det er nok ikkje så enkelt og liketil, og her i landet har sidemålsstilen ein spesiell funksjon i dag liksom for 60 år sidan.

Dersom me ikkje har dette klart for oss, så ville heile diskusjonen vore nyttelaus. For visse grupperingar av gymnasiastar kan det nok vera ynskeleg å sleppa å skriva nynorsk. Eg tenkjer på elevar frå bystrok der overklassa held til, men for dei aller fleste elevane i bygd og by byr ikkje sidemålsstilen på særlege vanskar – eg har i alle høve ikkje høyrte at elevar som har nynorsk som hovudmål klagar over sidemålsstilen.

Diverre veit me at sidemålsundervisninga i mange bygymnas er skral, det same er resultata. Dette har si årsak i at lærarane i mange tilfelle er ukvalifiserte, og dessutan får desse elevane lite høve til å koma i kontakt med sidemålet. Ein tradisjonell negativitet gjer seg også gjeldande, og sidemålsstilen vert i mange tilfelle teken som ein stor spøk.

Når folk argumenterer mot sidemålsstilen, er det sjølvsagt ikkje nynorsken dei vil til livs, nei nynorsk er vel og bra, og slepp ein sidemålsstilen kunne ein t.d. lesa meir nynorsk litteratur. Framlegget høyrest ikkje så dumt ut, og elevar med bokmål som hovudmål ville truleg få ein viss godhug for nynorsken.

Men konsekvensane ved ei eventuell gjennomføring av framlegget er utelatne. Spørsmålet me til alle tider må stilla er dette: Har me råd til å mista nynorsken? Svaret skulle vera enkelt.